



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

Innkalling til mte

Utval: Aukra sokne- og fellestråd (SFR)
Mtedato: Torsdag 14. november 2024
Mtetid: Kl. 18.00 – 19.55
Mtestad: Mterommet p Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellestrådet: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Per Arne Rindary, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vgy, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

Kopi til varamedlemmar: Edvin Magne Nyb, Janne Wie, Gunnar Kolflth, Knut Oterhals, Odd Jrgen Nilssen og Grethe Lystad Johnsen.

Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post max.mork@aukra.kommune.no.

Varamedlemmar fr innkallinga til orientering, men treng berre å mte ved nrre innkalling.

Opning

SAKLISTE

- Sak 82/24 GODKJENNING AV:**
A. Innkalling
B. Sakliste
C. Referat fr mte 24.10.2024
- Sak 83/24 Planlegging av jubileumsmarkeringar i 2025 (SR-sak)**
Sak 84/24 Lyperapportar fr komitleiarane (SR-sak)
Sak 85/24 Adventskonsert sndag 08.12.24 (SR-sak)
Sak 86/24 Utsifting av varmepumpa i Kyrkjelydshuset (FR-sak)
Sak 87/24 Hyringar fr Kyrkjerdet – eventuell uttale (FR-sak)
Sak 88/24 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)
Sak 88/24-1 Referat fr AU-mte 29.10.24
Sak 88/24-2 Tilsetting av ny kyrkjeverje - arbeidsavtale
Sak 88/24-3 Sknad om tilskot fr Kyrkjebevaringsfondet
- Sak 89/24 Eventuelt**

Aukra 07.11.2024
Erlend Melby (s)
Leiar

Max Ingar Mrk



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

www.aukrakyrkje.no

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: 24.oktober 2024

Møtetid; kl. 18.05 – 20.25

Møtested; Møterommet i Kyrkjelydshuset

Desse møtte;

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Kristian Finn Risung og Berit Cecilie Huse

Forfall;

Per Arne Rindarøy, Therese Hildre Solem og Anne Berit Oterhals Skrede

Ellers møtte;

Kari Margrete Fanghol (fung. kyrkjeverge)

Sak 74/24 GODKJENNING AV:

A. Innkalling

Innkallinga ble godkjent utan merknader

B. Sakliste

Sakslista blei godkjent med 4 meldte saker til eventuelt

C. Referat fr møte 19.09.24

Godkjent utan merknader

D. Referat frå sak 66/24 frå 19.09.24 U.off.

Det vart referert muntleg frå denne saka og saksframstillinga vart godkjent.

Sak 75/24 Kantorstillinga – orientering (u.off. , Off.lova § 25) (FR sak)

Leiar orienterte om kva som har skjedd i saka sidan siste møte i SFR.

Saka blei teke til vitande.

Sak 76/ 24 Tilsetting av ny kyrkjeverge i Aukra (FR -sak)

Stillinga som Kyrkjeverge i Aukra var lyst ledig med søknadsfrist 07.10.24. Det kom i alt 3 søkarar til stillinga, der alle blei vurdert som kvalifisert og innkalla til intervju.

Intervju blei halde 17.10.24 og 19.10.24 og referansar innhenta i etterkant.

Marta Kristine Eidskrem og Kari Margrete Fanghol deltok på alle intervju og Kristian Finn Risung på to av dei.

På bakgrunn av intervju, referansar og forslag til innstilling blei dette vedtaket fatta:

Vedtak;

Innstilling til ledig stilling som kyrkjeverge

1. Anne Marie Sødal
2. Maja Julnes O`Meara
3. Søker NN (u.off.)

AU får fullmakt til å forhandle om løn og andre tilsetjingsvilkår.

Sak 77/24 Budsjett 2025

Vedtak;

Aukra kyrkjelege fellesråd har følgande innspel til budsjett for 2025;

Fellessrådet søker om å få same tilskot frå kommunen i 2025 som i 2024, men med følgande tillegg:

- Unyttta midlar frå 2024 overførast til 2025
- Det ekstraordinære trekket som blei gjort i 2024 takast inn att i 2025
- Det kommunale tilskotet og verdien av tenesteytinga indeksregulerast med forventa løns- og prisauke.

Sak 78/24 Førjulsamkome – oppnemning av komitear

Førjulsamkome er i år fastsatt til fredag 29.november kl 18.00 i Kyrkjelydshuset. Søknerådet er vertskap.

Følgande komitear blei nedsatt;

Kjøkkenkomite;

Kari Margrete

Janne

Anne Berit

Rune

Per Arne

Knut

Rigge- og pyntekomite;

Britt Karin

Edvin

Berit

Hans Kristian

Programkomite;

Erlend

Marta Kristin

Kristian

Det var i tillegg meldt eit behov for brannvakter på SKRUK – konsert 07.12.24.

Følgende personer tar på seg oppgåva;

Janne, Berit, Britt Karin og Kari Margrete

Sak 79/24 Val av leiar og nestleiar for eitt år.

Verksemdreglane for sokneråd og kyrkjelege fellestråd seier at «*Menighetsråd/ kirkelig fellestråd velger i det konstituerende møtet og senere hvert år blant sine medlemmer, leder og nestleder*».

På bakgrunn av dette blei det møtet 24.10.24 halde skriftleg val i Aukra Sokne- og fellestråd.

Resultatet av valet blei som følger;

Leiar Erlend Melby

Nestleiar Marta Kristine Eidskrem

Sak 80/24 Referat og orienteringssaker

Sak 80/24-1 Søknad om midlar til samarbeidsprosjekt mellom nabofellestråd

Saka blei tatt til vitande

Sak 80/24-2 Referat frå ekstraordinært AU – møte 30.09.24

(u. off. Off. lova § 25)

Referatet blei tatt til vitande

Sak 80/24-3 Referat frå AU – møte 09.10.24

Referatet blei tatt til vitande

Sak 80/24-4 Regionalt Kontaktmøte 19.11.24 og kandidat til KA`s landsråd – Møre

Saka blei tatt til vitande.

Sak 81/24 Eventuelt

Sak 81/24-1 Gudstjenesteutvalg

Det har blitt valgt ut medlemmer til utvalget og det har vore eit første møte.

Sak 81/24-2 Minnelund

Det har blitt nedsatt ei prosjektgruppe og dei skal ha sitt første møte i byrjinga av november.

I tillegg til dei personane som er satt opp i innkallinga, skal følgande personar delta:

Heidi Løklingholm

Berit Cesilie Huse

Therese Hildre Solem

Anne Berit Skrede går ut av utvalet etter første møte.

Sak 81/24-3 Førstehjelpskurs/ Hjertestarter

Det blir arbeidd for å få til eit førstehjelpskurs og også opplæring i bruk av hjertestartar.


Sak 81/24-4 Julekonsert 08.12.24

Det har vist seg vanskeleg å få til konsert både i Aukra Kyrkje og i Julsundet dette året. Vi endte opp med å ha ein julekonsert og da i Julsundet. Vi undersøker om det går greitt for dei ulike aktørane at konserten blir kl. 19.00

Aukra 24.10.2024

Erlend Melby (s)
Leiar

Kari Margrete Fanghol
Fung. kyrkjeverge



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 14. november 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 83/24 Planlegging av jubileumsmarkeringar i 2025

Per Arne Rindarøy har arbeidd med denne saka, og har planlagt eit oppstartsmøte 11.11.24.
Han vil orientere om planane og drøfte den vidare saksgangen med soknerådet.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 14. november 2024

Møtetid: 18.05


Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 84/24 Løyperapportar frå komitéleiarane

Det er tidlegare vedteke at utvalsleiarane skal arbeide med å rekruttere medlemmar i løpet av hausten 2024, og at ein tek sikte på å oppnemne utvala formelt på nyåret 2025 (sak 59/24 og 71/24).

Leiar ønskjer likevel å få ein kort «løyperapport» frå utvalsleiarane på dette møtet.

Utval – person	Rapport
Trusopplæringsutvalet + KN-kontakt – Erlend	
Gudstenesteutvalet – Edvin Magne	
Diakoniutvalet – Kari	
Bygg, gravplass – Anne Berit	
Interiør og liturgisk utstyr – Anne Berit (for Britt K)	
... med fokus på Julsundet – Marta Kristin	
Misjonsutvalet – Kari, Anne Berit	
Info.utval/PR-avdeling – Per Arne	
HMS – Hans Kristian	



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 14. november 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 85/24 Adventskonsert i Julsundet søndag 08.12.24

På soknerådsmøtet 24.10.2024 – sak 81/24-4 – blei det bestemt å berre ha ein adventskonsert i år, og da på Julsundet skole. Ein ville undersøke om det gjekk greitt for dei ulike aktørane å ha konserten blir kl. 19.00.

Marta og Kari har arbeidd med å avklare dette, og vil legge fram resultatet på møtet. Soknerådet må vidare peike ut personar som skal ha ansvar for den praktiske gjennomføringa av konserten.

Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd arrangerer adventskonsert på Julsundet skole søndag 8. desember 2026 kl. 19.00 med følgjande aktørar:

....

Til å ha ansvar for den praktiske gjennomføringa veljast



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 14. november 2024

Møtetid: 18.05

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 86/24 Utskifting av varmpumpa i Kyrkjelydshuset

Dei siste vintrane har det vore store driftsproblem med varmpumpa i Kyrkjelydshuset. Varpmpumpa forsyner både kontorfløya og møtefløya med golvvarme og oppvarming av ventilasjonslufta. Pmpa fungerer så lenge det er varmegrader i lufta, men stansar når temperaturen kjem under ca. 2 °C. Firmaet Comfort Rørpartner, Aukra, som har det laupande vedlikehaldet av pmpa, har gjort mange forsøk på å lokalisere og rette opp feilen. I det lengste satsa ein på at pmpa kunne reparerast, men ingen tiltak har så langt ført fram.

Erfaringane frå førre vinter gjer at vi ikkje kan gå i møte ei ny kuldeperiode utan å ta tak i problemet, spesielt ikkje sidan Kyrkjelydshuset er ein sentral og hyppig brukt møteplass i kommunen. Her samlast folk til ulike samvære i samband med kyrkjelege handlingar som gravferder, konfirmasjon og dåp, og til kyrkjekaffi, onsdagskafé, korøving for barnegospel og GGV med vidare. Når vi leiger ut huset er det ei sjølvfølge at huset er oppvarma.

Ettersom Comfort kjenner anlegget svært godt etter mange års drift og vedlikehald, fekk dei i oppdrag å undersøke korleis problemet best kunne løysast. Vi forventa i utgangspunktet at arbeidet kunne gjennomførast under kostnadsgrensa for tilbodsinnhenting. Firmaet har vurdert fleire løysingar, og har konkludert med at det beste vil vere å skifte ut den gamle pmpa med to nye som er noko mindre. Dette vil gi meir fleksibel og stabil drift. Kostnaden er berekna til om lag kr. 250 000 og er såleis over grensa på kr. 100 000 for direkte anskaffing utan konkurranse (jf. Lov om offentlige anskaffelser med føresegner). Når vi likevel går for å velje denne løysinga er det på bakgrunn av at vinteren nærmar seg, og at det ikkje er tid til å både gjennomføre ei full anbodsrunde og deretter få arbeidet utført. Vi må derfor «gamble» på at Comfort, som kjenner anlegget detaljert frå før, har kome opp med den totalt sett beste, raskaste og økonomisk rimelegaste løysinga.

Vi viser i denne samanheng til § 13-4 i Forskrift om offentlige anskaffelser: *Vilkår for anskaffelser uten konkurranse*. Her heiter det i punkt c):

Oppdragsgiveren kan gjennomføre en anskaffelse uten konkurranse dersom

c) oppdragsgiveren skal inngå en varekontrakt om tilleggsleveranser med den opprinnelige leverandøren. Tilleggsleveransene skal være beregnet på enten delvis å erstatte leveranser eller installasjoner eller å utvide eksisterende leveranser eller installasjoner. Dette gjelder bare når et skifte av leverandør ville tvinge oppdragsgiveren til å anskaffe varer med tekniske

egenskaper som er uforenlige med de opprinnelige leveransene eller installasjonene, eller som ville gjøre drift og vedlikehold uforholdsmessig teknisk vanskelig.

Vi har i e-post av 06.11.24 skrive til Comfort Rørpartner at vi innstiller på å godta tilbudet dersom følgende vilkår kan oppfyllest:

- Det må skrivast ein formell kontrakt der Comfort garanterer at arbeidet kan gjennomførast raskt og seinast i løpet av desember 2024. I motsett fall må vi gå ut med ein tilbodskonkurranse neste år.
- Firmaet har nemnt at det kan være noko å spare på å fakturere timar i staden for oppgitt rund sum. I så fall må det kontraktsfestast at summen ikkje blir høgare enn i tilbudet.
- Firmaet må kunne legge fram ei liste over referanseprosjekt som viser at det har kompetanse på denne typen arbeid. Vi ser at firmaet har sentral godkjenning for varme- og kuldeinstallasjonar i tiltaksklasse 1 og spør om dette er tilstrekkeleg. Eventuelt må firmaet gi ei eigaerklæring om at det har tilstrekkeleg kompetanse.

Forslag til vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å tildele oppdraget med å skifte varmepumpe på Kyrkjekydshuset til Comfort Rørpartner, Aukra, i samsvar med tilbod av 30.10.24 og på dei vilkår som går fram av saka.

Tiltaket finansierast med innsparte driftsmidlar i 2024.

Rørpartner Com AS
Myrbostadvegen 72
6440 Elnesvågen

Foretaksreg. NO987296917MVA
Telefon 71 26 20 10
Mobiltlf. 932 35 775
E-post adresse ove.andre.forde@comfort.as

Aukra Sokn
Skogvegen 1A
6480 Aukra

Vareadresse
Skogvegen 1A
6480 Aukra

TILBUD

Tilbud nr. 75235
Referansenr. OF000455
Dato 30.10.24
Kundenr 1869
Organisasjonsnr NO 976 997 654
Deres ref. Max Ingar Mørk
Vår ref. Ove
Mobiltlf. 468 39 470
Prosjektbeskrivelse Utskifting av varmpumpe

TILBUD PÅ LEVERING AV VVS-UTSTYR

VI TAKKER FOR FORESPØRSEL OG TILBYR FØLGENDE :

BESKRIVELSE	ANTALL ENH	Pris	Rabatt	ENH.PRIS	SUM
LUFT-VANN MONOBLOKK VP. NIBE F2050-10 INVERTER, 1-FAS 230 V	2,00 stk	72 410,44	10,00%	65 169,40	130 338,80
BAKKESTATIV NIBE GSU 30 FOR F2040-6/8/12/16	2,00 STK	3 150,44	10,00%	2 835,40	5 670,80
KONDENSVANNSLANGE NIBE KVR 10-30, LENGDE 3 M FOR 1-FAS 230 V F2040/HBS05_20/AMS 10_20	2,00 STK	3 950,44	10,00%	3 555,40	7 110,80
STYREMODUL NIBE SMO S40	1,00 STK	18 730,44	10,00%	16 857,40	16 857,40
SIRKULASJONSPUMPE NIBE CPD 11-25/65, FOR F2040-6/8/12 OG F2120- 8/12	2,00 STK	3 650,44	10,00%	3 285,40	6 570,80
UNIONKOBINGSSETT M/AVST. 4028, KLEMRINGSTILKOBLING 1 1/2" X 28 MM (SETT Å 2 STK)	2,00 STK	470,44	10,00%	423,40	846,80
AUTOMATISK LUFTEVENTIL 5021, M/SERVICEVENTIL 3/8" UTV. GJENGER	2,00 STK	210,44	10,00%	189,40	378,80
KULEVENTIL 190 MED HENDEL, 1" INNV. GJENGER	2,00 STK	410,44	10,00%	369,40	738,80
AVTAPPINGSVENTIL MED LOKK 9210, 1/2" UTV. GJENGER	2,00 STK	90,44	10,00%	81,40	162,80
SIKKERHETSVENTIL 4170, NIBE 624891 1/2" 3 BAR, UTV GJENGER	2,00 STK	166,44	10,00%	149,80	299,60
FØLERLOMME I MESSING, 1/2" UTV. GJENGER LENGDE 55 MM, FOR TEMPERATURSENSOR BT25/BT71	2,00 STK	166,44	10,00%	149,80	299,60
TILBEHØRSKORT ALTOC AXC 010, FOR 0-10 V STYRING AV EL. KJELE	1,00 STK	9 280,00	10,00%	8 352,00	8 352,00
Datakabel egnet for NIBE S-serie kommunikasjon	30,00 stk	90,00	10,00%	81,00	2 430,00
MATERIELL OG MONTERING	RS	70 563,00		70 563,00	70 563,00
TOTALT EKSKL. MVA.					250 620,00
MERVERDIAVGIFT 25.0%					62 655,00
TOTALT INKL. MVA.					313 275,00
TILBUDET GJELDER OMBYGGING RUNDT TANK I TEKNISK ROM OG TILKOBLING OG MONTERING AV TO					

- Side 2 -

Aukra Sokn

Tilbud nr. 75235
Referansenr. OF000455
Dato 30.10.24

UTEDELER PÅ STATIV. OPPSTART OG JUSTERING.
ELEKTRISK ARBEID ER IKKE MED.

Vi håper tilbudet er av interesse og ser frem til å høre fra dem. Er noe uklart, ta gjerne kontakt.

Leveringsbetingelser:

- Leveringstid: Etter avtale
- Betalingsbetingelser:
- Samlet leveranse fra oss.

COMFORT RØRPARTNER

TLF AUKRA : 71173911
TLF ELNESVÅGEN : 71262010



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 14. november 2024

Møtetid: 18.05

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 87/24 Høyringar frå Kyrkjerådet – eventuell uttale

I samband med sentrale kyrkjelege prosessar om utviklinga av kyrkja sin organisasjon, har Kyrkjerådet i haust sendt ut 5 saker på høyring. Høyringane er opne for alle, og fellestråd og sokneråd er oppfordra til å sende inn høyringssvar. I tillegg er nokre representative organ valde ut og bedne direkte om uttale. Høyringsfrist er 6. desember.

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over høyringane og ei kort vurdering av kva som kan vere relevant for Aukra sokn.

<p>1. Høring om regler om stemmerett ved valg av døvemenighetenes representant og sørsamisk representant</p> <p>Truleg lite aktuell problemstilling for Aukra sokn</p>
<p>2. Høring om fellesordningar innen digitalisering, personvern og informasjonssikkerhet</p> <p>M.a. forslag om at eit sentralt digitaliseringsutval skal få mandat til å definere kva for system som skal vere tilrådde fellesløyser og obligatoriske fellesløyser i kyrkja.</p>
<p>3. Høring om regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga og av tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet mv.</p> <p>Forslag til ny paragraf i kyrkjeordninga om</p> <ol style="list-style-type: none">1. kyrkjelege verv som ei eiga styringsteneste i kyrkja og2. «samvirkeprinsippet», om tilhøvet mellom soknerådet og prestetenesta. M.a. klargjering av at prestane er forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset. <p>Regelendringane inneber ikkje realitetsendringar, men klargjer gjeldande rett.</p>
<p>4. Høring om biskopens tilsyn</p> <p>I hovudsak lite aktuell problemstilling for Aukra sokn, bortsett frå ei presisering av at biskopen kan gi bindande pålegg til vigsla medarbeidarar og kyrkjelege styringsorgan.</p>

5. Høring om rammer for kirkevalget

Mål: Forenkla gjennomføring og redusert ressursbruk ved kyrkjeval. M.a. forslag om at kyrkjevalet gjennomførast som digitalt val, men med eit begrensa høve til å stemme ved oppmøte. Valet vurderast gjennomført i eit anna tidsrom enn det offentlege valet.

Ved soknerådval føreslåast å fjerne høvet til å skrive opp valbare personar på stemmesetelen.

Ved val av bispedømmeråd føreslåast avvikling av Nominasjonskomiteens liste.

For kyrkjemøtet føreslåast vekta representasjon etter folketalet i dei ulike bispedøma.

Ein bed i denne omgang fellesrådet om å vurdere om dei ønskjer å sjå nærare på nokre av høyringane og eventuelt kome med uttale til dei. Det er utarbeidd eigne høyringsskjema som er enkle å fylle ut. Ettersom høyringsfristen er før neste møte i SFR, må anten AU få fullmakt til å uttale seg, eller nokre valde representantar frå SFR.

Høyringsbrev er tilgjengelege på kyrkjerådet sine nettsider: [Høyringer fra Kirkerådet - Kirkerådet](#).


Forslag til vedtak:

Anten:

Aukra SFR vil gi uttale til følgjande høyringar: AU får fullmakt til å sende høyringsuttale.

Eller:

Aukra SFR ønskjer ikkje å kome med høyringsuttale til nokre av de 5 høyringane frå Kyrkjerådet.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 14. november 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 88/24 Referat- og orienteringssaker

Sak 88/24-1 Referat frå AU-møte 29.10.24

Sak 88/24-2 Tilsetting av ny kyrkjevevje – arbeidsavtale


Aukra kyrkjelege fellesråd tilsette ny kyrkjevevje i møte 24.10.24 – sak 76/24. AU fekk fullmakt til å forhandle om løn og andre tilsetjingsvilkår.

AU har no inngått arbeidsavtale med søkaren som var innstilt som nr. 1. Avtalen er vedlagt.

Sak 88/24-3 Søknad om tilskot frå Kyrkjebevaringsfondet

Ved delinga av Opplysningsvesenets fond mellom staten og kyrkja, blei det bestemt å sette av eit fond på 10 mrd. kr. til bevaring mv. av freda og listeførte kyrkjer.

Aukra kyrkje er automatisk listeført pga. alder, og det er søkt om tilskott i 2025 til fasaderehabilitering, der reparasjon og vedlikehald av vindauga er den viktigaste delen. Søknaden til Kirkebevaringsfondet er vedlagt.



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: AU i Aukra SFR

Møtedato: 29. oktober 2024

Møtetid: 18.05 – 19.30

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte: Erlend Melby, Kristian Finn Risung og Marta Kristin Eidskrem (på telefon)

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Kari Margrete Fanghol

Møtet blei leia av Erlend Melby

Desse sakene blei behandla:

AU-sak 99/24 Arbeidsavtale for ny kyrkjevevje

I SFR-sak 76/24 *Tilsetting av ny kyrkjevevje i Aukra*, fekk AU fullmakt til å forhandle med den nytilsette kyrkjevevja om løn og andre tilsetjingsvilkår.

Fung. kyrkjevevje hadde på førehand sendt ut til AU eit forslag til arbeidsavtale basert på KA sin mal for arbeidsavtale for leiarar i kyrkja. AU gjekk igjennom dei ulike punkta i forslaget og gjorde ymse justeringar og endringar. Det endelege forslaget blei så signert av leiar og sendt til den nytilsette på e-post for godkjenning og eventuell signering. Vedkomande blei også varsla pr. telefon.

Det ferdige forslaget ligg ved saka.

AU-sak 100/24 Neste møte

Neste møte i SFR er sett opp 14.11.24. AU føreslo å gjennomføre møtet med m.a. følgjande saker: Status for kyrkjevevjetilsettinga, planlegging av jubileet for Påskeliljemarka og kyrkja i 2025 og løyperapportar frå komitéleiarane.

Aukra 29.10.2024

Erlend Melby
Leiar (s)

Max Ingar Mørk
Sokr.

ARBEIDSAVTALE

for kyrkjeverje/dagleg leiar i Aukra sokne- og fellesråd

1. Arbeidsavtalen sine partar

Denne avtalen er inngått mellom:

Aukra sokne- og fellesråd, org.nr. 976 997 654, Skogvegen 1A, 6480 Aukra
(arbeidsgivar)

og

Anne Marie Sødal, p.nr. 140181 38671, Varleitesvingen 26, 6065 Ulsteinvik
(arbeidstakar).

2. Tiltreding, nærare om stillinga og prøvetid

Arbeidstakaren er tilsett i stilling som kyrkjeverje/dagleg leiar, still.kode 4950, i
Aukra sokne- og fellesråd ved vedtak av 24.10.2024.

Stillingsstorleiken er 100 %, og stillinga er fast.

Arbeidstakaren tiltrer stillinga med verknad frå ~~med...~~ februar 2024. Endeleg avtale
over nyttår

For stillinga gjelda seks månaders prøvetid, jf. arbeidsmiljøloven (aml) § 15-3(7)
og § 15-6. Dersom arbeidstakar har vore fråverande frå arbeidet i prøvetida, kan
arbeidsgivar forlenge prøvetida med ein periode som svarar til lengda av fråværet.
Arbeidsgivar må orientere arbeidstakar skriftleg om eventuell forlenging innan
utløpet av prøvetida.

3. Ansvars- og myndeområde

Kyrkjeverja er øvste administrative leiar i Aukra sokne- og fellesråd. Ho utfører
arbeidet i samsvar med dei oppgåver og den mynde som arbeidsgivar legg til
stillinga. Arbeidstakar rapporterer til arbeidsgivar. Arbeidstakar er underlagt
arbeidsgivar sitt økonomireglement.

4. Oppfølging

Det skal utarbeidast ein eigen leiaravtale mellom partane i tillegg til
arbeidsavtalen.

Arbeidstakar får etter avtale ei systematisk årleg tilbakemelding frå rådsleiar eller
den rådet gir mynde.

5. Arbeidsstad

Arbeidstakar sin hovudarbeidsplass er i Aukra kyrkjelydshus, Skogvegen 1A, 6480 Aukra, der arbeidsgivar har si kontoradresse. Reiser innanfor heile domprostiet sitt område må påreknast.

6. Arbeidstid

Ordinær arbeidstid er 37½ timar pr. veke, jf. Hovudtariffavtalen kap. 1 § 4.2. Stillinga som kyrkjevevjerje er unnateke frå aml kap. 10 om arbeidstid, sjå § 10-12.

7. Løn

For stillinga gjeld Hovudtariffavtalen i KA sitt tariffområde, og løna blir regulert etter bestemmingane i HTA kap. 3 pkt. 3.4 Ledere. Stillinga som kyrkjevevjerje blir løna med kr. 750 000 pr. år. Løna utbetalast den 12. i kvar månad. Det blir ikkje utbetalt tillegg for overtid og ubekvem arbeidstid, jf. arbeidsmiljøloven § 10-12, HTA kap. 1 § 5 pkt. 5.1.3 og § 6 pkt. 6.3. Arbeidstakaren skal så langt som råd kontrollere at det utbetalte beløpet er rett. Eventuelle feil må meldast snarast mogeleg.

8. Ferie

Ferie fastsettast og feriepengar utbetalast i samsvar med reglane i ferieloven og Hovudtariffavtalen kap. 1 § 7

9. Rett til anna frávær enn ferie som er betalt av arbeidsgivar

Det visast til Hovudtariffavtalen sine regler i kap. 1 § 8 om løn under sjukdom, svangerskap, fødsel og adopsjon, kap. 1 § 9 om løn under avtening av verneplikt samt kap. 1 § 14 om permisjon.

10. Pensjons- og forsikringsordningar og andre ordningar for sosial sikring

For stillinga gjeld følgjande ordning for pensjon og forsikringar:

- Medlemskap i Aukra sokne- og fellestråd si pensjonsordning i KLP. Det visast også til særavtale om pensjonsordning for Den norske kyrkja.
- Gruppelivs- og yrkesskedeforsikring, jf. Hovudtariffavtalen kap. 1 §§ 10 og 11.

Det visast til Hovudtariffavtalen kap. 1 § 8 om løn under sjukdom, svangerskap fødsel og adopsjon, kap. 1 § 10 om ytingar etter dødsfall og kap. 1 § 11 om erstatning ved yrkesskade/yrkessjukdom.

11. Kompensasjon for meirarbeid og møteverksemd

Det blir gitt 10 ekstra fridagar pr. år som kompensasjon for meirarbeid og møteverksemd utanfor ordinær arbeidstid, jf. HTA kap. 1 pkt. 6.3.

12. Teieplikt

Arbeidstakaren har plikt til å teie om det vedkomande får kjennskap til av teiepliktige opplysningar i samband med tenesta eller arbeidet, jf. forvaltningsloven §§ 13 – 13 f.

13. Eigenutvikling/fagleg oppdatering

Arbeidsgivar pliktar å legge tilhøva til rette for arbeidstakaren si faglege oppdatering og kompetanseheving. Dette skal inngå som ein del av arbeidsgivar sin samla plan for gjennomføring av kompetansehevande tiltak, jf. HTA kapittel 3 pkt. 3.3.

14. Samtykke til offentleggjering av visse personopplysningar på internett

Arbeidstakar samtykker i at arbeidsgivar publiserer bilde og kontaklinformasjon som e-postadresse, telefonnummer etc. på arbeidsgivar si nettside og andre media der arbeidsgivar har opplysningar om sine tilsette.

15. Næringsverksemd, verv og bistillingar

Dersom kyrkjeverja ønskjer å drive eigen næringsverksemd, ta på seg løna styreverv, annet løna arbeid eller andre verv som kan påverke arbeidsforholdet/ arbeidsyttinga, må dette skje etter avtale med arbeidsgivar og i samsvar med gjeldande arbeidsreglement og etiske retningslinjer.

16. Oppseiingsfristar og framgangsmåte ved opphøyr av arbeidsforholdet

Ved oppseiing i prøvetida gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 14 dagar. Når prøvetida er over gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 3 månader rekna frå oppseiingstidspunktet, jf. Hovudtariffavtalen § 3.2.1. Lengre oppseiingsfrist kan følgje av aml § 15-3.

Dersom arbeidstakar ønskjer å seie opp arbeidsforholdet gjeld det ingen særskilte formkrav, men arbeidstakar blir oppfordra til å gi arbeidsgivar ei skriftleg melding om dette.

Før ei eventuell oppseiing eller avskjed frå arbeidsgivar si side, pliktar arbeidsgivar å kalle inn til drøftingar jf. aml. § 15-1 eller § 15-2. Ved oppseiing og avskjed frå arbeidsgivar si side gjeld det krav til form, innhald og overlevering, jf. aml. § 15-4. Elles gjeld arbeidsmiljøloven sine reglar om oppseiing.

Ved fråtreiding skal arbeidstakar levere tilbake alle eigedelar som høyrer til arbeidsgivar, under dette PC, tilgangskort, nøklar og utstyr. Dette gjeld også materiale som er lagra elektronisk.

17. Offentlegheit

Dei økonomiske vilkåra i avtalen her er offentlege.

18. Arbeidsforholdet regulerast av det til ei kvar tid gjeldande tariffregelverket, som er Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen for KA sitt tariffområde, sentrale særavtalar, særavtale for leiarar, samt lokale avtalar inngått med heimel i Hovudtariffavtalen og lokale reglement for Aukra sokne- og fellelsråd.

Avtalen er i 2 eksemplar, eitt til arbeidsgivar og eitt til arbeidstakar.

Linkar til relevant lov- og avtaleverk:

[Hovudavtalen](#)

[Hovudtariffavtalen](#)

[Sentrale særavtalar](#)

[Særavtale om pensjonsordningar i Den norske kyrkja](#)

[Arbeidsmiljøloven](#)

Aukra 29.10.2024


Erlend Melby
Arbeidsgivar


Anne Marie Sødal
Arbeidstakar

#303570 Søknad om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirker

Søknadsdato:	31.10.2024
Utlysning:	2024 høst - Tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirker
Søknadstittel:	Søknad om tilskudd til kulturhistorisk verdifulle kirker
Søknadsid:	303570
Kirkens navn:	Nord-Aukra kirke 5
Søkers virksomhet:	AUKRA SOKN - 976997654

Opplysninger om søker

Informasjon om kontaktperson

E-post (brukernavn)	jff
E-post	kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Fornavn	Max Ingar
Etternavn	Mørk
Mobiltelefon	95185921
Adresse	Solbakken 37
Postnummer	6429
Poststed	Molde
Foretrukket målform	nno
Krev oppdatering av brukerkonto ved neste innlogging	Nei

Om kirken

Identifisering av kirken du søker om tilskudd til

Skriv inn Kulturminne-ID	85143-5
KulturminneID	85143-5
Kirkens navn	Nord-Aukra kirke 5
Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Aukra

Beskrivelse av kirken

Kirkens byggeår	1835
Kirkens hovedmateriale	Tre
Kirkens vernestatus	Listeført kirke
Hvilket bispedømme tilhører kirken?	Møre
Hvilket bevaringsprogram tilhører kirken?	Bevaringsprogram for kirker fra år 1537-1850
Hvem eier kirken?	AUKRA SOKN - 976997654

Finansieringsansvar

Har kommunen finansieringsansvar for kirken?	Ja
Har kommunen tre eller flere fredede og listeførte kirker?	Nei
Står kommunen på ROBEK-listen?	Nei

Er det de siste fem årene gjennomført istandsetting-, sikrings- eller konserveringsprosjekter på fre kirkebygg i kommunen?

Ja

Har andre kirker i kommunen fått tilskudd til hovedprosjekt over denne tilskuddsordningen?

Nei

Om prosjektet

Prosjektbeskrivelse

Hva søker du tilskudd til? Hovedprosjekt

Beskriv prosjektet

Fasadereparasjon og -rehabilitering

Det er behov for reparasjon av dei store vindauga, særleg mot sør, med utskifting av rote treverk i karmene, samt istandsetting av rammene (kitting, skraping, måling etc.). Vidare er det behov for utskifting av vannbord og anna rote treverk i ytterveggane, utskifting av alle taknedløp og tilhøyrande skraping og måling av ytre veggflater.

På grunnlag av rapporten om vindauga i 2023(sjå ovanfor) blei 3 firma kontakta med spørsmål om dei var interesserte i å gi tilbod på arbeidet. Vi sto til slutt att med berre eitt firma, handverksfirmaet Dør og Vindusvern frå Giske, v/Maria og Otto Stomes. Dette firmaet har mange gode referanseprosjekt på bygningsvern i tre kring i heile Møre og Romsdal fylke.

Firmaet var på synfaring på Aukra kyrkje 04.10.24 og konkluderte med at det var uråd å gi ein fast pris på arbeidet på førehand. Skadane vil avdekke seg og må vurderast etter kvart som arbeidet skrid fram. Men dei konstaterte at arbeidet er meir omfattande og kostbart enn tilstandsrapporten gir uttrykk for. Vi tek derfor sikte på ei kontraktsform med oppgjer etter timebruk og medgått materiell, men med ei øvre ramme på kr. 800 000 eks. mva. for 2025. Så får ein sjå kor langt ein kjem. Firmaet har heller ikkje kapasitet til meir i 2025, men vi ser for oss eit restarbeid på om lag same nivå i 2026. Sjå elles vedlagte budsjettforslag.

Godkjenning: Tiltaket er godkjent av Biskopen i Møre ved e-post av 10.06.2024 (vedlagt).

Beskriv kunnskapsgrunnlaget som viser behovet for prosjektet

I 2023 blei det utarbeidd ein rapport av firmaet Byggtrad Løvoll AS, Volda, v/Kåre Løvoll med tilstandsvurdering av vindauga og anvisningar for reparasjon (sjå vedlegg).

Hva gjelder søknaden? Istandsetting

Hvilke deler av kirken omfatter prosjektet? Eksterior

Tiltaksbeskrivelser

Bygningsdel eller interiør-/inventardel	Tilstandsgrad	Beskriv kort mangler/skader og hva som må gjøres
Vindauge	TG 3 - Betydelig tiltaksbehov	Utskifting av rote treverk. Reparasjon, kitting og måling av vindaugsrammer og eventuelt karmar.
Veggar	TG 2 - Moderat tiltaksbehov	Utskifting av nokre vannbord og anna rote treverk. Elles skraping, måling og istandsetting.
Taknedløp	TG 3 - Betydelig tiltaksbehov	Utskifting av alle taknedløp

Omfatter prosjektet også innsatsområdene 3 eller 4?

Beskriv planer innenfor innsatsområde 1

Sjå skildring ovanfor.

Beskriv planer innenfor innsatsområde 2

Vi tek sikte på å lage ein rapport om arbeidet med erfaringar og lærepunkt. Vil også prøve å invitere inn lokale tømrarar som kan følgje arbeidet og lære handverket. Og til sist invitere kyrkjevevjer i distriktet til synfaring og gjennomgang av kva som har vore gjort, korleis og kvifor.

Last opp dokumentasjon

Godkjenning av reparasjon av vindauge i Aukra kyrkje.pdf
Rapport om vindauga på Aukra kyrkje.pdf

Budsjett


Oppgi totalkostnad for prosjektet 1600000

Du må fordele de gjenstående kostnadene utover budsjettårene

Beløp	År
800000	2026

Last opp budsjett

Budsjett reparasjon og istandsetting av Aukra kyrkje.pdf



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 14. november 2024
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 89/24 Eventuelt

